

Duesund 4/4-2016.

Masfjorden kommune
 1/ Formannskapet 1/rådmannen.
 5981 Masfjordnes

Utvidning av oppdrettslokalitet ved Duesund.

J avisa Strilen tirsdag 29. mars 2016 les eg stykket: "Nei til oppdrett endra tilfjå." Det stykket omhandlar provoserar meg slik at eg må få koma med nokre faktaopplysningar. Lokaliteten for oppdrett ligg like utafor strandområde Grunnevika på garden Kjesjane g. nr 18 buk 4. I tidar eg hadde denne eigedomen (frå 1978 til o. m. 2000) var det fleire rulleringar av kommuneplanen. Kvær gong den skulle rullerast kom det forslag frå sakshandsamar om at strandlinja og arealet rundt grunnevika skulle iingå som friluftsområde. Som grunneigar var eg imot ei slik bandlegging og risik til at område alltid hadde vore brukt til friluftsliv og at drifta på garden tok hensyn til fri bruk av område. Mine argument nādde fram fleire gonger.

Då lokaliteten for skaldyr vart omgjort til matfisklokalitet var eg uroa over om det ville verta til skade for strendene i ncerområde. I ettertid har det vist seg at ein ligg i grenseland kva som tolest. Til tider har det vore tydelege fjitt-avleiringar på strendene og film på sjøen i baderika. Det vil såleis vera uansvarleg å auke biomassen ved dette anlegget. Baderika Grunnevika er brukt av Nordbyggda barnehage og Nordbyggda skule vår

og haust. Den er og brukt til kurs i kajakkpadling og anna friluftsliv.

Engesund fiskeoppdrett AS har fokus på å ikkje forurensa i område, likevel kan ein ikkje unngå at eit slikt anlegg verkar inn på miljøet.

Det vedtaket som Masfjorden formannskap har gjort, er meir til skade enn nytte for Masfjorden. Det rannar lokalbefolkninga, barnehagen, skuleen og dei som reiser langt for å få ein fin sommardag i Gruvervika. Det vil og truleg ramma Engesund fiskeoppdrett AS med minnkane velvilje for eksisterande anlegg.

Når formannskap går så grovt mot kommuniplan og fylkesmannen si fråråding reknar eg med saka må opp i kommunestyret. Eg set mi lit til at den som kan, stoppar auke biomasse i eit utvida anlegg med lokalitet ved Plesund.

Kopi fylkesmannen i Hordaland

Med helsing
Ivar Haukeland,
Keskane 33,
5986 Hosteland.

